



Prosedyre ved vanskelige samtalar og/eller meldingar.

Ein vanskeleg samtale i denne samanheng er samtalar i samband med skilsmisse / separasjon og samtalar der vi skal ta opp tema som melding til barnevern, PPT eller politi.

Innkallinga skjer i samarbeid mellom styrar og ped.leiar på aktuell avdeling, og det vert tydeleggjort at styrar skal vere med på møtet. Det er styrar som leiar møtet.

I samtalar i samband med skilsmisse / separasjon har vi møter med dei to foreldra kvar for seg. Det er her viktig at vi gir klart uttrykk for at dette er for barnets beste, og ikkje for å støtte vår nysgjerrigheit.

Ved melding til PPT ligg det gjerne ein prosess forut med observasjon både frå barnehagen og PPT, og det kan då vere naturleg at PPT er representert på møtet.

NB! I saker som omhandlar vold / overgrep frå ein familiemedlem, eller ein annan person i ein slik relasjon så skal IKKJE familien informerast når det vert sendt melding.